

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 13.06.2019
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen
SAKA GJELD: **Status for arbeid med revisjon av Sjukehusapoteka Vest sin beredskapsplan**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **013/19 Administrerende direktør si orientering pkt. 3**

STYREMØTE: **13.06.2019**

Oppsummering

Arbeidet med revisjon av Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin beredskapsplan starta medio mars og revidert plan blir lagt fram for styret for vedtak i oktober 2019. Arbeidet er så langt i rute. Arbeid med revidert planverk er forankra i styringsdokument 2019, revidert regional helseberedskapsplan for Helse Vest og SAV sin strategi. Sjukehusapotekføretaka sitt nasjonale samarbeidsprosjekt på beredskapsområdet (SAMLE) pågår parallelt og vil verke inn på SAV sitt beredskapsarbeid.

Fakta

Gjeldande beredskapsplan for SAV blei utarbeidd i 2015. Planen skal reviderast kvart tredje år. Arbeid med revisjon av plan pågår og revidert plan er venta lagt fram til beslutning for styret på møte 1.oktober 2019.

Arbeidet med beredskapsplan er forankra i styringsdokument for 2019 og kopla mot revisjon av regional helseberedskapsplan, i tillegg til forankring i SAV sin strategi 2018-23.

Kontekst på beredskapsområdet har endra seg dei siste åra (geopolitisk situasjon, trusselbilette, legemiddelangel). Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har utarbeidd risikovurderingar på legemiddelområdet. Helsedirektoratet reviderer si risikovurdering og tiltaksliste på beredskapsområdet.

Det pågår i tillegg revisjon av lov om helseberedskap, der mellom anna beredskapsplikt for grossistar og hjemmel for prioritering av legemiddel i primær- og spesialisthelsetenesta er tema.

Arbeid med førebuing til implementering av ny sikkerhetslov er tatt inn som del av arbeidet med revisjon av beredskapsplan.

Organisering av og tidsline for arbeid

Arbeidsgruppe for revisjon av beredskapsplan blir leia av fagdirektør SAV. Arbeidsgruppa er samansett av Apotekar SIS, avdelingsleiar PRO/SHE SiH og kontorsjef. Arbeidsgruppa trekk inn

faggrupper og andre ressurspersonar i relevante delar av arbeid. Det er utarbeidd kommunikasjonsplan for arbeidet som mellom anna peikar på lokale legemiddelkomitear, regional legemiddelutval, regionalt beredskapsutval og tillitsvalde/verneteneste som kontaktpunkt i ulike delar av arbeidet.

Tabell 1: Milepælsplan og status per 31.5.19

ID	Milepæl	Start dato	Ferdig dato	Justert dato
M1	Godkjent direktiv		19.03.19	
M2	Etablert arbeidsgruppe/første arbeidsmøte		Veke 14	
M3	Gjennomført ROS-analyse		Veke 20	Veke 21
M4	Mottatt rapport frå Hdir		Veke 24	
M5	Utarbeidd framlegg til sikkerhetsorganisering i SAV (ref Sikkerhetsloven)		Veke 24	Veke 30 Avhengig av RHF
M6	Endeleg plan		Veke 31	Veke 32
M7	Plan til høyring	Veke 32	Veke 34	Veke 33-35
M8	Beredskapsplan til godkjenning i leiargruppa		Veke 36	
M9	Beredskapsplan til godkjenning i SAV styre		Veke 40	

Status for arbeid

Arbeidsgruppa har utarbeid utkast til ROS-analyse. Analysen blir gjennomgått i faggrupper i uke 20-21, samt oppsummert i møter for regionalt beredskapsutvalg, lokale legemiddelkomiteer og regionalt legemiddelutvalg i perioden medio mai – medio juni.

Arbeidsgruppa har starta arbeid med revisjon av plandokument med utgangspunkt i regional helseberedskapsplan, utkast til SAV ROS, kjent status i SAMLE-prosjektet og utkast til risiko og sårbarhetsvurdering for legemiddelberedskap frå Helsedirektoratet. Oppstart av arbeid med framlegg til sikkerhetsorganisering er forseinka i påvente av rettleiing frå Helse Vest. Det vurderes så langt at forseinkingar ikkje vil verke inn på sluttdato for arbeidet (M9).

Revisjon av SAV beredskapsplan og sjukehusapotekføretaka sitt felles prosjekt på beredskapsområdet (SAMLE) pågår parallelt, og ved behov vil det såleis kunne bli aktuelt å justere SAV beredskapsplan etter at eventuelle felles tiltak er beslutta. Dette vil uansett ikkje vere aktuelt før tidlegast 1.1.20.